

Referat frå møte i samarbeidsutvalet i Heddeli barnehage 12.02.2019

Tilstades:

Kristine Heimdal Kleiv - foreldre representant

Siv Omtveit Aasan – foreldre representant

Cecilie Sollid Tveit – tilsett representant

Grete Natten – tilsett representant

Forfall:

Arild Johansen – eigarrepresentant

Vara Beate Dahl Eide var forhindra frå å møte

Saker:

1.19 Omstillingsprosessen i undervisningssektoren

- Heddeli og Tussejuv barnehage blir slått saman og får felles leiing
- Oppvekstsenter i Flatdal (Flatdal barnehage, Åmotsdal barnehage og Flatdal skule) med felles leiing
- Barne- og ungdomskulen blir ei eining med felles leiing
- Endringane skjer frå neste barnehageår
- Prosessen framover blir styrt av kommunalsjef
- Kven som blir leiarar og assisterande leiarar er ikkje klart ennå. Det blir jobba etter frivillighetsprinsippet internt i den eksisterande leiargruppa.
- Innan 27.02.19 skal alle avdelingar ha tatt ei SWOT-analyse (Strengths, Weaknesses, Opportunities, Threats) der ein kartlegg styrker, mogelegheiter, svakheiter og truslar ved samanslåing.
- SU tok ei SWOT-analyse;

STYRKER:

- Fordele barnekulla på ein god måte
- Tettare samarbeid årskulla mellom barnehagane
- Felles rammer

MOGELEGHEITER:

- Personale som kan jobbe i begge barnehagane med forutsigbarhet
- Ein leiar i kvar barnehage
- SU. Same antal representantar som i dag. Kan ha felles møte når det er samanfallande saker

SVAKHEITER:

- Kontorplasseringa må vere strategisk (bra slik den er i Heddeli no)
- Leiar kan bli usynleg
- Denne type modell er prøva ut i nabokommunar, der har den fungera dårleg
- I utgangspunktet ikkje så stor verknad for foreldra, men dersom personale ikkje har det/får det bra vil det påverke barna og foreldra

TRUSLAR:

- Uforutsigbarhet for personale som evt blir flytt frå barnehage til barnehage ved behov
- Leiar som ikkje er tilgjengeleg
- Leiar som ikkje har mogelegheit til å hjelpe til i barnegruppene

2.19 Foreldremøte 7.mars 2019

- Det skal vere foreldreinvolvering i prosjektet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø». På foreldremøte kan foreldra involvere seg.
- Legg innkalling på MyKid med påmelding
- Tema på dette foreldremøtet er «Inkluderande barnehage- og skulemiljø»
- Vi skal ha «case»/praksisforteljing, dele oss inn i mindre grupper og reflektere/diskutere. Finne eit tema/»case» som foreldra kjenner seg att i
- Eit ynskje om ekstern føredragshaldar. Det er ikkje aktuelt før neste barnehageår
- Bruk av begrepa «besteven» og «leikeven» med tanke på inkludering og ekskludering i leiken

3.19 Sovevakt. Orientering

- Tragisk hending på Vestlandet gjorde at vi sette fokus på sovevakta i barnehagen på ny.
- Vi har alltid hatt sovevakt.
- No har vi sjekka ut vogner og soveutstyr saman med foreldra.
- Sovevakta har fått konkrete oppgåver, blant anna skal det vere ein vaksen ute saman med barna i det tidsrommet som alle barna sover.
- Barnehagen plasserer vognene ved vindauge og kjøper babycall til å ha med ut.

4.19 Eventuelt

- Tydeleg informasjon til foreldra om 48 timars regel ved omgangsjuke og 24 timars regel ved feber.
- Bruke avviksmeldingar når det er personalmangel.

Referent

Heidi Færstaul Haugerud

Styrar